# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 3 2013. Årgang 53

Barnas Årsmøte s. 6



Til Bygland med Bjoren s. 7



Leirer høsten 2013 s. 10



KIA-Rogaland 25 år s. 11



Glimt frå Ognatun s.12






# Frå årsmøtet

s.4-6

www.imf.no/rogaland

# Leder

*Kretsleder Torgeir Lauvås*



**Årsmøtet vårt i år er noe av det mest inspirerende og utfordrende jeg har vært med på. Jeg vil dele to stikkord med dere som jeg selv sitter igjen med. Stikkordene er glede og smerte.**

**Gleden**

Himmelens og jordens skaper elsker oss med en evig kjærlighet. Gud, vår far, har gjort oss til sine barn. Vår far elsker oss med en kjærlighet som bare gir og gir. Vi er barn som ikke fortjener, men som får fordi Gud er en god far. Gud vil at vi skal kjenne oss elsket. Derfor vil han at vi skal leve nær Jesus, han som beviste Guds kjærlighet til oss. Korset, og arrene etter spyd og nagler på Jesu kropp, er kjærlighet skrevet med Guds hjertespråk. En frelst synder kan se seg så glad på Jesus sårmerker at gleden kan vokse hver eneste dag. Denne gleden kan vokse på tross av nye synder og nederlag i våre liv fordi synden aldri kan bli større enn nåden. Nåden er større. Aldri leveringsproblemer, aldri dårlig nåde. Gud er nåde, derfor er nåden alltid større enn vår synd.

Paulus kaller seg selv medarbeider på andres glede. Kunne en som hadde forfulgt kristne og stemt for mordet på Stefanus, den første kristne martyr, være ambassadør for Guds glede? Han slet med at han gjorde synder han ville prøve å slutte med, og gode forsetter mislyktes han med til stadighet. Kunne han være gode nyheter?

Paulus levde hos Jesus med sine nederlag, derfor fikk han leve i en glede og fred som overgår all forstand. «Min nåde er deg nok» fikk Paulus høre fra sin Far. Derfor var Paulus gode nyheter. Han levde i disse kontrastene, kanskje er det slik Jesus blir tydeligst for andre rundt oss?

**Smerten**

Jesus kom til jord for å frelse. Han kunne kommet med oppskrift på jordisk suksess eller vært en hærfører som ledet jødene ut av den romerske okkupasjonen. Jesus ble ikke geriljaleder, han ble ikke økonomisk rådgiver. Jesus ville at mennesker skulle komme til ham. Han ville gi evig liv og håp.

En dag satt Jesus og gråt utenfor Jerusalem. Han ville så gjerne samle byens befolkning og gi dem det håp han vil dele med flest mulig. Men de ville ikke. Under årsmøtet vårt i år var det som jeg fikk et lite innblikk i Jesus smerte. Jesus gråter ennå over mennesker som ikke vil. Jesus gråter over våre naboer og venner. Jesus savner dem så sårt.

Å være et Guds barn er å leve i dette spenningsfeltet. Kjenne på disse kontrastene. Gleden over å være frelst, og smerten over at mange er på vei til fortapelsen


Indremisjonsforbundet i Rogaland
Ognatun, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Faks 51 79 38 81
Direktenummer:

Anne Berit Aarsland 51 7938 83
Terje Slettebø 51 7938 80
Kari Helen Garheim 51 79 38 87
Frøydis Aarsland 51 79 38 82

Bankgironr. 8220.02.80101

Epost: rogaland@imf.no
www.imf.no/rogaland

**Krinsformann:**
Gabriel Pollestad
404 10 290

**Krinsleiar**
Torgeir Lauvås
Tlf 97171745
Tlf 51 79 38 84

**SISTE INDRE**
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-forbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**
Ogna
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 80
Faks 51 79 38 81
Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: www.imf.no/ognatun
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove BrautTlf. 951 00 842



Block Berge
VI TAR ANSVAR

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning
ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

# Andakt

*Av Gunnar Eldvik (ImF-teamet)*



# Nåden som drivkraft

Denne våren er det slutt på mitt andre år som elev ved Bildøy Bibelskole. I år har jeg gått på T2, som er den tjenestebaserte andreårslinjen ved bibelskolen. Årene på Bildøy har gitt meg mange gode opplevelser, gode venner, trygge rammer, innsikt i Guds Ord og dratt meg inn i et dypere forhold til den levende Jesus. Tiden her har betydd mye, og det er jeg veldig takknemlig for.

Samtidig er det ofte vanskelig å virkelig leve ut den troen jeg nå på en måte har fått finpusset litt på bibelskolen. I hverdagens mange valg, om de er små eller store, merker jeg hvor lett det er å glemme både Gud og Hans Ord. Ofte kjennes kallet for å nå ufrelste nokså lunkent, og det som har blitt sådd kan fort bli revet vekk av ulike farer, som dem vi leser om i lignelsen om såmannen.

Vi skal ikke stå på i tjeneste for Gud fordi vi må, men fordi Jesu kjærlighet omvender vår vrange vilje. Det unike med vår kristne tro, tror jeg best kan beskrives med de ordene Jesus ropte fra korset for om lag 2000 år siden, nemlig ; "Det er fullbrakt!". Aldri har noen ord uttalt fra et menneske hatt et større innhold i seg enn nettopp disse. Han som ropte de ut var nemlig i sannhet Guds eneste Sønn og verdens eneste Frelser.

Fellesnevneren for alle andre livssyn og religioner et nettopp at ingenting er fullbrakt, og at de må streve med det på egen hånd. Den byrden ligger på dem. Vi kan kaste våres på Ham. Det er gode nyheter som ethvert menneske trenger å høre. De må faktisk høre dem. Alle og enhver må få høre dette budskapet, selv dem som lever i største uvitenhet om sitt primære og absolutt største behov, nemlig tilgivelse for synd.

Gud har gitt oss sin Hellige Ånd som vitner om synd, dom og rettferdighet (Joh 16.8). Han pirker i samvittigheten til mennesker og åpner syndige hjerter for Ham som en gang sonte all synd. Oppdraget om å vitne om nåden i Kristus er også overgitt oss som har tatt imot den. Dette står det kristne fellesskapet sammen om, og som ulike lemmer på Kristi kropp, trenger vi hverandre, med ulike talenter og nådegaver for at vi sammen kan male Kristus foran verdens øyne.

I kapittel 7 hos Lukas møter vi en kvinne som har sett hvor mye hun er blitt tilgitt. Av den grunn viser hun så stor kjærlighet overfor Jesus. Har vi som lever med Jesus i dag virkelig sett hvor mye vi har fått tilgitt? I salme 19 og vers 13 står det: "Men hvem kan merke sine feiltrinn? Tilgi meg hver synd jeg ikke vet om." Ingen av oss kan vel måle den fulle bredden og lengden i størrelsen på nåden Gud har gitt oss, og hvor avhengig hver enkelt av oss er av frelsen i Jesus. Noen har fått tilgitt mye, slik denne kvinnen, andre kanskje mindre.

Spørsmålet er ikke hvor mye eller hvor lite synd hver av oss har i våre liv, men hva vi gjør med den. Tenk at vi får kaste all vår skam og våre mange feiltrinn på den rettferdige Jesus, fordi han valgte å bli værende på korset, og ta imot sin Fars vrede over din og min synd! Tenk at vår Far i himmelen orket å la sin vrede over synden ramme sin kjære Sønn, og at vår Far som har hatt felleskap med Sønnen i evighet valgte å forlate Ham forslått og blodig på korset! Har vi virkelig sett våre mange synder tilgitt, må Jesus få være navnet som vår munn og vårt liv vitner om.

Gud trenger ikke dine og mine gode gjerninger, men vår neste, som Jesus gikk i døden for, er avhengig av dem. I mitt eget liv merker jeg hvor ubehagelig lett det er å innta en nesten pasifistisk holdning og rolig sitte å se på at mennesker rundt meg lever helt uten Gud og uten håp. C. S Lewis uttrykte en gang: " Fiendeokkupert område, det er hva denne verden er." Noen må ut på slagmarken for å hente de sårede hjem. Og jeg tror noen er deg og meg, og enhver som bekjenner troen på Jesus.

Det trengs ikke en nådegavetest til for å avsløre det. Oppdraget er gitt svart på hvitt til enhver etterfølger av kongenes Konge. Det må forkynnes at det ikke var naglene som holdt Ham værende på korset, men Hans kjærlighet for dem. Verden må få høre at nåden er gratis, nettopp fordi det kostet Ham, vår frelser, så vanvittig dyrt. Det er bare det som har frigjort oss, og vi skylder vår neste, som er elsket av Gud, men fortapt uten Kristus, å bringe det samme til dem. La oss bruke vår dyrebare tid til det.

NorProfil AS

RIANOR AS

WALDELAND MASKIN
- Grunnarbeid
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vintervedlikehold
- Brøyting og strøing
Tlf: 90 79 61 44

Haugstad Eiendom AS
Postboks 37
4369 Vigrestad

PMR
Park & Miljømaskiner Rogaland AS
Kjøpmannsbråtet 5,
4352 Kleppe +47 10 42 77 50 • www.pmr.no
Utstyr og maskiner til landbruk, park og hage

MASKINERING & SVEISESERVICE A/S

Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - År

# Imf-Rogaland satser på smågrupper



**Misjonsfolket i Indremisjonsforbundet i Rogaland (ImF-Rogaland) innser at oppslutninga om møta på bedehusa er minkande. Difor ynskjer ein å satsa på smågrupper der ein vil setja fokus på misjon i nærmiljøet. Dette er det mest sentrale punktet i strategiplanen som ImF-Rogaland vedtok på årsmøtet 25. mai.**
**Det var strategiplanen for arbeidet fram til år 2020 som var hovudsaka når 64 utsendingar var samla til krinsårsmøte på Fredheim, Arena på Sandnes 25. mai.**

## «Vi er gode nyheter»

Slagordet i den nye strategiplanen er;Vi er gode nyheter. Planen oppfordrar til at grupper og einskildpersoner driver misjon i sitt nærmiljø. Krinsleiar Torgeir Lauvås innførte uttrykket kortreist misjon.
- Tradisjonelt tenkjer vi på misjon når misjonærar reiser til andre land og forkynner evangeliet, ImF-Rogaland si misjonsmark er vårt nærmiljø understreka krinsleiaren, og oppfordra misjonsfolket til å sjå på seg sjølve som misjonærar der ein bur.

## Samarbeid

Eit anna sentralt punkt i Strategiplanen er samarbeid mellom bygder. Her ynskjer ImF-Rogaland å organisera arbeidet slik at mindre grupper som samlast i heimane eller til møte på bedehusa, ein gong i månaden kjem saman frå fleire bygder for å inspirera kvarandre og kjenna gleda over å vera ein del av eit større fellesskap.

## Samtale om strategi

På årsmøte var det sett av god tid til samtale om den nye strategiplanen. Ni utsendingar tok ordet i samtalen. Dei fleste som tok ordet var positive til planen og gav sin støtte til den. Fleire understreka at den satsing som ImF-Rogaland nå gjere er nødvendig for å skapa nytt engasjement i arbeidet inn i framtida. I samtalen vart det framheva at vi som kristne må ut og møta folket der dei er når dei ikkje kjem til oss og at mindre grupper er ein god arbeidsmetode. Der kjem ein nær kvarandre og kan hjelpa kvarandre.
Ein utsending heldt fram at det var eit stress og tok mykje tid alt arbeidet med strategiplanen.
Etter samtalen vedtok eit samla årsmøte den framlagte strategiplanen for 2013-2020.

## Gruppesamtaler

Som avslutning av forhandlingsmøte gjekk utsendingane saman i grupper. Tema for gruppesamtalane var: Korleis kan vi vise vei til Jesus i vårt nærmiljø? Det vart gode samtaler rundt bordene på Fredheim og det kom fram mange gode forslag på korleis vi som kristne fellesskap kan vera gode nyheiter til menneske rundt oss. Nokre døme er: Hjulbytte dag, Grillfest, ekteskapskurs, at vi er ærlige, rause og varme, nabofellesskap i heimane, at vi lager møteplassar der vi kan vitne for ikkje kristne.

## Underskot

Rekneskapen for ImF-Rogaland viste eit underskot på 126.000 for 2012. Grunnen til underskotet er ein liten nedgang i gåve inntektene. Dette har sin årsak i stort fokus på innsamlinga til nybygget på Ognatun. Berre i 2012 er det samla inn 1 million til dette bygget, og totalt er det nå samla inn 4 millionar til ny kjøkken og matsal på Ognatun, som vart teken i bruk i aug. 2012. Misjonsfolket kunne også gleda seg over at drifta på Ognatun i2012 hadde gått med eit overskot på 78 000 kr.

## Val

Etter valet på årsmøte er Krinsstyret i ImF-Rogaland samansett slik: Gabriel Pollestad, Høyland, Svein Ove Særsten, Sandnes, Gerd Røyneberg, Røyneberg, Jarle Mong, Bryne, Siw Olrun Stokkeland (attval), Toralf Liene, Varhaug (ny), Tarald Gudmestad, Høyland (ny) og 1. vara. Rolf Gunnar Husveg, Riska, (ny).
ImF-Ung teamet Rogaland etter valet: Oddbjørn Høyland, Nærbø, Roger Andre Finstad, Tjelta, Bodil Skårland, Ogna, Marita Midtun Finstad, Tjelta, Tor Harald Håland, Nærbø (attval), Maren Eline Austbø, Brusand (ny) og Linn Marthe Fikstvedt, Ogna (ny)

## Lokale forkynnarar

Det var dei lokale forkynnarane, Per Åge Berge og Sølve Salte som var talarar under årsmøte.
Laurdag kveld talte Sølve Salte om at Gud skriv historie med våre liv. Som kristne er vi Kristi brev kjent og lest av alle menneske. I Kor 3.3.
Han framheva at her er to grøfter vi kan falla i når vi strevar med å vera gode brev til verden. Den eine grøfta kalla han "off-off-off kristen", i denne grøfta er ein berre opptatt av kor stor syndar ein er og kor galt alt er med sin eigen natur. Dette skaper mismod i

Trenger du regnskapsfører?
Besøksadresse:
Torget 5, 4340 Bryne
Nordsjøveien 2671,
4360 Varhaug
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
JÆRØK
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
www.jarok.no
NARF

ASTOR LANDBRUK AS

GM-offshore

**-smøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmøtet - Årsmø-**



*Forbøn for Kari Helen Reime*



*Koret Abraham*



*Formann Gabriel Pollestad*



*Gruppesamtaler*



kristenlivet.
Den andre grøfta kalla han "eg-eg-eg grøfta. Eg er akkurat slik som Gud vil ha meg, og handlar i eiga kraft.
Sølve la fram at det vi treng er fullblods Påske og Pinse kristne. Vi trenger påskebodskapen om Jesus som døde for meg, og pinsbodskapen om Kristus som lever i meg. Slik skal vi stadig bli forvandla av kva vi har i Kristus. Når Kristus lever i oss skaper han nytt liv og vi blir eit Kristi brev til verden.
Som kristne blir vi kraftlause utan å leva i påske-og pinsebodskapen. Vi blir kraftlaust salt som prøver å redda verden med sukker. Gud vil bruka alle til å skriva sin historie her i verden, avslutta Sølve Salte.

## Forbønshandling

På kveldsmøte laurdag var det også ei forbønshandling for Kari Helen Reime. Ho byrja som barne og ungdomsarbeidar i ImF-Rogaland nå i vår etter at ho hadde avslutta året som T2 student på Bildøy Bibelskule.
Gospelkoret Abraham deltok gav forsamlinga mykje gjennom song og musikk på laurdagskvelden.

## Neste år Nærbø

Etter kveldsmøte kosa folk seg med kaffi og kaker. Vi merka på stemninga, og mange gav uttrykk for at det hadde vore eit fint årsmøte.
Neste år samlast ImF-Rogaland til årsmøte på Nærbø. Eit arrangement vi oppfordrar alle, både store og små, til å prioritera. For årsmøte er ein festdag vi trenger for å få inspirasjon i arbeidet og oppleva storfellesskapet i ImF-Rogaland.
Referent Terje Slettebø

## Hovsherad

I Hovsherad har dei gode erfaringar med grupper.
Ståle Handeland, formann i Hovsherad indremisjon, fortalte på årsmøte at dei i mange år hadde hatt ei jentegruppe og ei gruppe for unge menn. Her kom dei saman til samtale og bøn. Hadde god tid til å bli kjent med kvarandre slik at dei etter kvart kunne dela sorger og gleder med kvarandre. Han understreka at det er viktig at ein er raus med kvarandre, då kan ein ha det godt saman om ein er ulik og har forskjelleg bakgrunn.
Ståle kunne fortelja at gjennom arbeidet i gruppene hadde dei fått med nye som hadde kome til tru på Jesus. Sjølv om gruppene var viktige oppfordra han medlemmene også til å engasjera seg i arbeidet på bedehuset. Sjølv opplevde han det viktig å vera med i dette arbeidet;
-Barna våre trenger eit levande kristent miljø å vakse opp i, og Bibelen oppfordrar oss til å opptenne den nådegåva som er i oss. Som kristne er me gode nyheiter i kraft av evangeliet, oppmuntra Ståle Handeland.

## Markedsdag på Ognatun

**Onsdag 25. juni kl. 17.00.**
**Marked med sal av blomster og grønnsaker.**
Auksjon
**Salg av gryterett og lapper.**
**Vel møtt til en trivelig ettermiddag på Ognatun.**
**NB! Har du gjenstander som kan væra aktuelle og verdifulle for auksjonen, ta kontakt med Ognatun.**
**(Tlf. 51 79 38 88)**

## Viktige datoar på Ognatun Hausten 2013.

**Ognatunbasaren torsdag 26. sept. kl 19.00**

**Onsdagskafe, 2. okt og 13. nov.**

**kl 11.00-14.00**

H. Reinertsen
LASTEBILTRANSPORT
EGERSUND

**Pål Hatteland AS**
**Entreprenør**
Mob 99278710

Treprosjekt
spesialinnredning og corian®

**Bibeltime på årsmøte:**

# Vi er gode nyheiter



**Vi igjen gjev her hovudpunkta i Per Åge Berge sin Bibeltime på Fredheim Arena, 25. mai:**
**2. Kor 4. 6-7**

For Gud som baud at ljos skulle skina fram i mørkret, han har og late ljoset skina i hjarto våre, så kunnskapen om Guds herlegdom i Jesu Kristi åsyn skal lysa fram. Men vi har denne skatten i leirkar så den rike krafta skal vera frå Gud og ikkje av oss sjølve.
Vi som kristne må la maskene falla og våga å vera svake slik at folk skal få sjå skatten, evangeliet i oss, som vi set vår lit til. Dette understreka Per Åge Berge i starten av Bibeltimen.

**Ny identitet**
Han gjekk vidare med å peika på at ved trua på Jesus får vi ein ny identitet, og den skal vi vera oss bevisst. Han tok fram mange døme frå Bibelen på denne nye identitet. Når Paulus skreiv til dei kristne i Korint, seier han at han skriver til dei heilage. Ef. 5 omtaler oss kristne som Guds kjære barn. Og Jesus seier til dei som fylgjer han: De er ljoset i verda. I Bibelen møter vi også sterke uttrykk som Kristi vellukt for Gud og at vi er Jesu kropp. I Joh 4.17 seier at som Kristus er, er vi i denne verden.

**Vår erfaring**
Men vår erfaring i kristenlivet er ikkje slik. -Vi ser mørke i staden for lys. Vi kjenner på svakheit i staden for styrke. Vi opplever synd i våre liv i staden for at vi er heilage, sa han.
Kvifor er det slik? Per Åge minna om at i utgangspunktet har vi ein identitet som syndarar med ein fallen natur. Som utgangspunkt er det rett å sei at eg er berre ein syndar. Men ved trua på Kristus har vi fått eit nytt utgangspunkt. Ein ny stilling der vi er heilage og ei vellukt for Gud.

**I Kristus**
Berge oppfordra til at vi som kristne vender om og reknar vår identitet ut frå det vi er i Kristus. Det vil føra til forvandla liv. Barn blir det foreldra seier dei er. Vi blir det vi reknar vår identitet ut frå. Her må vi huske at det er Gud som ynskjer å definera oss ut frå kva han har gjort for oss. Definerer vi oss ut frå oss sjølve og prøver å vera gode blir det lovtrældom og gjerningsslit.

**Frukt**
Har vi fokus på kva vi har i Kristus blir det frukt i våre liv. Det handlar om kva Gud kan gjera gjennom oss. Vårt liv og våre gjerningar blir noko som veller fram frå Gud. Det Gud gjer gjennom oss fører til at vi er gode nyheiter for menneske rundt oss. Bibelen må få definera oss kven vi er. Vi er Guds kjære barn samtidig som vi gjere synd og galne ting. Vi er eit tempel for Gud seier Bibelen. Tempelet vart bygd av verdifulle steinar. Vi er verdifulle for Gud, ein bustad for han som har skapt oss i sitt bilete.

**Til strid**
Som kristne er vi sett til å vera lys der vi bur. Vi representerer Kongenes Konge og skal få vera med å bringa ut evangeliet, Guds rike, med andens kraft. Vi er på ei slagmark. La oss ta Guds fulle rustning på og vera klar til strid. Vi ynskjer å sjå at himmelen blir fylt opp av frelste menneske, avslutta Per Åge Berge på ein varm og engasjert måte.

# Barnas Årsmøte

En strålende solskinnsdag skulle ImF barna få reise på Barnas Årsmøte. Fredheim forsamling, med Nadine Berth i spissen, tok vel imot barna, med god hjelp fra ImF-Ung teamet fra ImF Sentralt. Etter samlingsstunder i tre ulike aldersgrupper, var det mange aktiviteter. For de aller minste var det hobbyaktiviteter, lego, hoppeslott og gymsal som stod for tur. Barna fra 1-3 kl. reiste til Vitenfabrikken på Sandnes. De i 4-10 kl reiste til Kongeparken, og de fikk prøve den nye Fossen. Ruben Lie Monsen, Hanna Marie Heggset, Hanna Knutsen, Gunnar Eldevik og Martin Albertsen fra i ImF Ungteamet og Rasmus Pollestad (junior) fra Høyland, var utrolig flinke med barna. Det var en velsignelse for ImF Ung/Rogaland å få så god hjelp fra alle disse! Jeg gleder meg allerede til Barnas Årsmøte 2014 som skal være på Nærbø. Fantastisk at vi kan komme sammen unge og gamle i Indremisjonsfamilien og skape relasjoner og virkelig få kjenne på at vi ER en stor familie.

Anne Berit Aarsland







# MED BJOREN PÅ BYGLAND BIBEL- OG NATURCAMP!



Tekst og foto: Olav Nilsen

Sommeren 2013 vil dampskipet Bjoren ta samtlige deltakere på Bygland Bibel- og naturcamp med seg på en uforglemmelig tur på Byglandsfjorden - fra Bygland gjennom slusene ved Storestraumen og tilbake igjen.
Dette skjer lørdag 6.juli, og etterpå spaserer vi opp til Bygland kirke for en hyggelig sangkveld med Vonheimkoret.

Men før den tid har det skjedd mye!

Vi samles søndag 30.juni, og håper at riktig mange biler og campingvogner allerede da ruller inn i skolegården på KVS Bygland til nok ei uke med Bibel- og Naturcamp på Bygland.

I år blir Ragnar Ringvold med som taler på alle kveldsmøtene.
Han er tidligere politimann, og nå aktiv fritidspredikant i Indremisjonsforbundet.
Ragnar har både glimt i øyet, en god historie på lur, og med en klar og god forkynnelse av frelsen i Jesus Kristus!

Johannes Kleppa var med oss som bibeltimeholder ifjor sommer, og her hadde han det så greit at han likegodt tar turen i år også!
Johannes har en egen evne til å ta frem bibelske tekster og aktualisere dem inn i vår egen tid!
Derfor gleder vi oss til fortsettelsen denne sommeren!



Med seg tar han selvsagt sin kone Oddlaug Kleppa, som i år har lovet å ta seg av barnemøtene.
Lyngdals store sønn - Edvard Foss - trår også til og hjelper til med samlinger for de litt større barna.

Men Bygland Bibel- og naturcamp er mer enn bibeltimer, barnemøter og kveldsmøter!

Hver eneste dag satser vi på turer og utflukter, ikke minst ut i den flotte Setesdalsnaturen omkranset av både fjord og fjell.

For ytterligere info om camp'en, se vår hjemmeside www.bibelognaturamp.no, eller sjekk vår Facebookside!

Send din påmelding nå til mailadresse: kbnilsen@hotmail.com, eller telefon 982 99711!

Velkommen til Bygland Bibel- og Naturcamp



## Fin 17. mai-fest i Egersund

I Egersund går Misjonssambandet og Indremisjonen sammen om å arrangere fest 17. mai - en kristen nasjonalfest for voksne. Rammen er langbord med blå papirduker pyntet med lerkekvister og flagg, samt servietter og lys i rødt, hvitt og blått. 75 personer møttes i år, de fleste fra byen og distriktet, men også fra Gya og Nesvåg. Kjell Våge ledet og åpnet festen. Inger Skattum leste dikt og små historier som hun knyttet sammen med egne barneminner. Men den som høstet mest applaus, var Ole Iversen. Ole er en ung mann med "mindre håndbagasje", men spille, det kan han! og vi fikk høre ham både på sekkepipe og piano. Heimelaget koldtbord var satt opp i kjellersalen, og kaffe og iskake toppet serveringen. Siden fikk vi festtale av Fred Lyder Klungland, før kvelden ble avsluttet med "Ja, vi elsker".
Og husk til neste år. Vi har plass til flere!

BM

## Filmkamera

Eit filmkamera vart gløymt igjen på Ognatun hausten 2012.
Den som saknar dette kamera kan ta kontakt med Ognatun.
(Tlf. 51 79 38 88)

reime&lode
Nærbø. Tlf. 51 79 10 10
www.reimeoglode.no

Vigdel Engineering AS
Telefon 46 41 18 19
Egil@vigdelengineering.no

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim
Komlavodl - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08 -
Mob. 95 82 84 10 - 97 72 99 58



# INNSAMLINGSBAROMETER TIL OGNATUN-UTBYGGINGEN

**Vi skal samle inn 5 mill.**
**Vi har samla inn**
**kr. 4.060.923,- pr. 04. 06. 2013.**
**Kontonr: 3000 23 88231**




Fredheim Arena, Sandnes
20. -21. sept 2013
www.lev-livet.no

LEV LIVET
Jesus - i hjemmet

## Program:

**Fredag:**
08.30: Registrering
09.30: Sesjon 1: KONFERANSESTART!
11.30 Lunsj
13.00 Sesjon 2: Fokustimer
15.30- Middag
17.00 Sesjon 3
19.30 Sesjon 4

**Lørdag:**
09.00- Sesjon 5
10.00 Sesjon 6
11.30 Lunsj
12.30- 14.30 Sesjon 7
For meir info: LEV-LIVET.NO

# Inspirasjonskveldar Ognatun

**27. og 29. august**
**kl. 19.00**

**Tema: Levande tru**
**Ekte liv**
**Åpne felleskap**









**Talarar:**
**Torgeir Lauvås,**
**Aud Karin Kjølvik**
**Johan Halsne**
**og Runar Landro**

**ALLE er velkomne!**




TIME SPAREBANK
Tlf.: 51 77 91 00 - www.time-sparebank.no

VB VARME & BAD
Bryne Rør A/S
Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no

SUNT OG GODT - FRISKT OG FLOTT
BRU GARD

KROGEDAL
begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

1.-28. Juli

# LYNGDAL BIBELCAMP

## ferie gir hvile - Guds ord gir kraft



### Uke 27

**Kveldsmøter**
Vegard Soltveit
og Klaus Muff

**Bibeltimer**
Audun Hjelvik

**Sang/musikk**
Husets trekkspillklubb m.fl.

**Vertskap 55+**
Milfred og Arnt Taksdal

**Leirsjef**
Anja Ulveseth Heggen

Kidz og Umgdomscamp

### Uke 28

**Kveldsmøter**
Marit Stokken & Irene K. Alnes

**Bibeltimer**
Gunnstein Nes

**Sang/musikk**
Marit & Irene,
13.7: Konsert m SUM

**Vertskap 55+**
Anbjørg og Kåre Sævareid

**Leirsjef**
Willy Landro

Kidz og Ungdomscamp

### Uke 29

**Kveldsmøter**
Runar Landro

**Bibeltimer**
Erik Furnes

**Sang/musikk**
18.7: Mette og Roger Sørensen
19.7: Anne Kristin Nygård
20.7: Anne Lise Haddeland m/band
m.fl

**Vertskap 55+**
Åsrun og Harald Myklbust

**Leirsjef**
Kenneth Foss

Kidz og Ungdomscamp

### Uke 30

man-ons

**Kveldsmøter**
Gunnar Ferstad

**Bibeltimer**
Gunnar Ferstad

**Sang/musikk**
Ulike sangkrefter

**Vertskap 55+**
Randi og Sverre Dag Ljønes

**Leirsjef**
Aud Karin Kjølvik

Kidz og Umgdomscamp

## Bestilling av leiligheter og rom

Det er mulig å bestille leiligheter og rom i ulike størrelser og prisklasser. Telt og campingvognplasser kan ikke forhåndsreserveres, de beste plassene fylles opp først.

Ta kontakt på:
e-post: drift@bibelcampen.no
tlf: 38 33 06 50



LYNGDAL BIBELCAMP
ferie gir hvile - Guds ord gir kraft

# LEIRER PÅ OGNATUN HØSTEN 2013

| | | | |
|---|---|---|---|
| **På leir med far** | **5-7år** | **7.-8. sept.** | **Påm.frist 19. aug.** |
| **Tenleir** | **8.kl ➔** | **20.-22. sept.** | **Påm.frist 2. sept.** |
| **Familieleir** | | **4.-6. okt.** | **Påm.frist 16. sept.** |
| **Lovsangsweekend** | **8.kl ➔** | **25.-27. okt.** | **Påm.frist 7. okt.** |

**Du kan melde deg på pr. post, e-post eller telefon. Maks 5 pers. pr. påmelding.**

Merk henvendelsen med: LEIRPÅMELDING. Vi trenger navn, full adresse, fødselsdato og tlf. nr. på forelder/foresatte. (helst mobil nr.) Etter påmeldingsdatoen trekker vi vilkårlig hvem som får bli med på leir. Vi sender brev for å fortelle om du har fått plass eller ikke, derfor er det viktig at vi får full adresse på alle personene dere melder på. Oppgi en kontaktperson for gruppa, slik at vi kan gi beskjed dersom du ikke har fått plass på leir. Gi gjerne beskjed hvem du ønsker å ligge på rom med.

**Meld deg på:**
Vår hjemmeside: www.imf.no/rogaland
Post adressen er: ImF – Rogaland, Ognatun, Ogna, 4364 Sirevåg
Mail adresse: rogaland@imf.no
Tlf: 51 79 38 80

Ta gjerne kontakt hvis det er noe du lurer på. Kontortid: Mandag – fredag fra kl 09.00-15.00 Barn/Ungdom med funksjonshemming som trenger assistanse til personlig hygiene/ADL skal ha med egen assistent.







# PÅ LEIR MED FAR

7.-8. september 2013, blir det ny leir med far på Ognatun. Denne leiren har vært en tilvenningsleir for barn fra 5-7år. Noen har aldri reist på leir før, og syns det kan være godt at far er med på leir den første gangen. Vi ønsker at leiren vi skal ha i september ikke bare skal være en leir der tilvenning er i fokus, men vi synes kvalitetstiden sammen med far er viktig. Derfor legger vi opp til at barna kan bruke tid sammen med far, i form av ulike aktiviteter. Det vil bli egne samlinger for barna og de voksne på lørdagen. Lederne vil være sammen med barna på bibeltime, ulike ballspill, snopekiosk og leirkiosk, hoppetau, diablo med mer. Ellers blir det å spille spill, eller kanskje få lage noe fint sammen. Per Åge Berge kommer og holder seminar for fedrene som skal handle om huskirke, så det gleder vi oss til! Håper dere kommer en god gjeng, og vi satser på noen kjekke dager sammen!
Hjertelig velkommen som deltakere på «på leir med far» 7.-8. september 2013!



# TENLEIR



20.-22.september 2013 braker det løs! Årets tenleir står for tur, og jeg håper DU tar turen og kommer.
Det blir liv og røre fra morgen til kveld:
- Spennende bibeltimer
- Kule aktiviteter
- Surfing på Jærstrendene
- mm….

GRUDE BYGG
Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

Erna Holen Gartneri
Ree - 4340 Bryne
Tlf.: 51 48 23 26
Fax.: 51 48 75 96
Mob.: 924 95 481
- Blomster for enhver anledning -
Brudebuketter • Buketter • Dekorasjoner • Kranser

din trafikkskole
Tlf.: 464 22 022

## KIA-Rogaland 25 år

# Vi trenger impulsane utanfrå!



*Deltakarane i panelsamtalen*

**-Kristne innvandrar som kjem til Noreg har ofte med seg ein åndeleg brann som vi trenger inn i våre organisasjonar og forsamlingar. Våre nye landsmenn bærer ofte med seg det liv og den fornying som vi lenger etter i våre samanhengar.**

Av Terje Slettebø

Dette vart målbore av fleire som var med i panelsamtalen under markeringa av 25-års jubileet til KIA-Rogaland som vart markert i Gand kyrkje laurdag 01. juni. Om lag 60 KIA venner deltok på samlinga som var eit fargerikt fellesskap der bortimot 20 nasjonar var representert.

**Tilbake frå misjonslanda**

Mellom innvandrarane som nå kjem til Norge kjem det prestar og forkynnarar frå land som norske misjonærar har drive misjon i over lenger tid. Desse blir ofte ståande bakarst i køen og får ikkje meiningsfulle oppgåver når dei kjem til Norge. I panelsamtalen vart det opp fordra til at vi tek i bruk dei resursane som vi slik får inn i våre kristne samanhengar.

**Utvida familie**

I panelsamtalen vart det også understreka at dei sterke familie- band som mange av våre nye landsmenn har ligg mykje tettare opp mot NT sitt syn på familien enn det vi har i Noreg med sterkt fokus på kjernefamilien. For mange kristne ute i verden blir den kristne forsamlinga deira familie ettersom ein blir utstøtt av den biologiske familie ved overgangen til kristen tru. Vi i Noreg trenger desse familieimpulsane utanfrå for å motarbeida den stadig veksande einsemda i landet vårt.

**Tilbake til dødsdom**

Situasjonen for muslimar som er blitt kristne og fått dødsdom i heimlandet dei kjem frå vart tatt opp og skapa stort engasjement. Situasjonen i dag er at norske myndigheiter sender kristne tilbake til sitt heimland der dei veit det er dødsstraff for å bli kristen. Grunngjevinga frå myndigheitene for å gjera dette er at dei seier at muslimar berre bruker dette som eit argument for å få bli her i landet. Panelet opp fordra til forbøn, at det må bli slutt på å senda våre kristne søsken tilbake til dødsdom. Og



*KIA internasjonale gospelkor*

panelet opp fordra alle til å utfordra politikarane på dette spørsmålet nå i valkampen før stortingsvalet i september.

**Eldsjeler**

I panelet var det representantar frå Den Norske kyrkja, Frikyrkja, Baptistsamfunnet, Pinsevennene og innvandrarar. Alle var einige i at det var avgjerande med eldsjeler som gjekk føre og tok initiativ skulle ein få til integrering av nye landsmenn i forsamlingane. Men at det var viktig at leiarskapet støtta opp og synleggjorde arbeidet.

**Jubileum**

-KIA-Rogaland har sett gode spor og kryssa grenser for å sei noko om Jesus i 25 år. Dette sa prost Ludvig Bjerkreim i sin velkomsthelsing på jubileumsmarkeringa. KIA sitt internasjonale gospelkor deltok med song. Vi fekk innblikk i eit omfattande arbeid i Rogaland. Nå er det blitt eigne KIA avdelingar i Egersund, på Nærbø, på Bryne, på Klepp, i Sandnes, i Stavanger og i Haugesund. Fleire bar fram fine helsingar til KIA-Rogaland.
Samlinga vart avslutta med eit flott festmåltid, langbord med internasjonal mat, og ekte norsk marsipankake.

**Til ettertanke**

KIA-Kristen inter kulturelt arbeid. Vi er eit inter kulturelt samfunn. Vårt kristne arbeid bør vera eit speil bilde av samfunnet rundt oss. Utfordringa er ikkje først og fremst kva kan vi gjera for våre nye landsmenn. Spørsmålet KIA utfordrar oss på denne dagen er heller kva velsigningi lar vi passera ved å sitja passiv og ikkje inkludera!





**Grude Gartneri**
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

**Bok & Media**
KROGEDAL
Bryne:
Postboks 430, 4349 Bryne
Tlf.: 51 48 24 49
bryne@bokogmedia.no
Nærbø:
Postboks 143, 4367 Nærbø
Tlf.: 51 43 46 55
narbo@bokogmedia.no

**Le Service A S**
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

# B-BLAD

Returadresse:
Ognatun
4364 Sirevåg

# Glimt frå Ognatun våren 2013



*I mars kunne vi ta i bruk den opp-pussa møtesalen. Eit fint løft for Ognatun.*



*Fint oppmøte 14. april når vi markerte reopninga av møtesalen.*



*Denne våren har det vore 8 konfirmasjonar på Ognatun. Dessverre er her ikkje plass til alle som ynskjer å feira denne festdagen på leirstaden vår.*



*Festborda er ofte pynta. Fire bryllaup og fleire runde dagar blir feira på Ognatun denne våren.*



*Med våren høyrer også planting av blomster. Etter ein sein vår også på Ognatun er blomane på plass.*



*Ein lastebil som skulle levere varer var uheldig og kom borti hytta og skada den.*



*Ingebrigt Sørfonn var talar på reopninga av møtesalen.*



*Onsdag 29. mai var pensjonistar frå Algård og Flekkefjord på tur og hadde middag på Ognatun.*